



**Har i forige tiider været gamel Post-Vey. Om gamle postvegar på Vestlandet.**

Av Anne G. Waage

Har i forige tiider været gamel Post-Vey skriv sokneprest Stephan Dresing i Eivindvik om vegen frå Austgulen til Midt-Takle i Gulen. Det var i 1779 at Dresing sendte eit elleve siders brev til Vegkommisjonen i Bergens Stift om vegane i Eivindvik Prestegjeld. Her vart alle bygde, kyrkje- og ting-vegar opprekna, kva tilstand dei var i og kva forbedring som var ynskjeleg. Det går fram av brevet at det var planar om ny postveg mellom Nordgulen og Rutledal. Nokre av desse vegstrekningane hadde dei begynt å utbetre, men arbeidet var ikkje blitt gjort ferdig og vegane var igjen blitt temmeleg forfalne.

**Postruta frå Bergen og sørover.**

Ny postrute mellom Molde - Bergen - Stavanger blei oppretta i 1785 og blei truleg sett igang i januar 1786. Mellom Molde og Trondheim er det omtalt postrute tidlegare. Bergen - Stavanger hadde den "Stavangerske Post-Tour" som hadde kome i stand så tidleg som i 1653. Traseen denne postruta gjekk hadde blitt lagt om fleire gonger, og postruta gjekk meir eller mindre regelmessig. Postruta mellom Stavanger og Bergen passerte gjennom områder med storgardar og gamle høvdingseter frå sagatida, og kloster frå middelalderen.

I 1668 går Stavangerposten frå Bergen til Storetveit, Austevoll, Ytre Moberg i Os, Våge, Berge, Middalen og Nesthus i Opdal skipreide (Tysnes), Bjelland i Kvinnherad, Sjøvangen og Svinevig i Fjellberg (Halsnøy), Skoden og Bjørgen i Skånevik, Øvre Stangeland, Store Nærheim og Søre Stumo i Fjellberg skipreide (Ølen). Som ein ser gjekk postvegen gjennom historiske landskap.

Postverket i Noreg blei oppretta i 1647, allereide få år etter bestemte myndigheitene å få i gang ei postrute mellom Trondheim og Romsdal. Det hadde også vore tale om å opprette direkteruter mellom Bergen - Trondheim og Bergen - Stavanger. Ruta Bergen - Stavanger er omtala i posthistoria, medan postruta Bergen - Trondheim ikkje er kome med. Kan brevet frå soknepresten i Eivindvik sette oss på sporet av gløymt posthistorie?

### **Gamle postvegar i Gulen og Masfjorden.**

Dresing fortel mellom anna om to vegar som tidlegare hadde vore postvegar:

"Bøygde- og Kirke-Vey fra Gaarden Ostgulen i Gulen Skibrede over Takle Dahlen til Gaarden Mid-Takle udi Ladvigs Skibrede. Denne er den viktigste og betydeligste af alle Præstegieldets Veye, Har i forige Tiider været en Post-Vey og meget god, men er nu yderlig forfalden."

"Bøgde- og Kirke-Vey fra Gaarden Opdal i Ostgul-Fiorden til Gaarden Kielbye, og siden viidere over den saa kaldede Myre-Dal til Gaarden Frøsætter i Mars-Fiorden som aabner Communication i mellem Gulens Skibrede og den yderligere Deel af forbenævnte Fiord, i alt 1 Miil, har i gamle Dage været Post-Vey, og bruges endnu meget af Reysende, men er særs forfalden."

Dei vegane som hadde vore postvegar fanst det i 1779 endå spor etter å ha vore så breie at 2 à 3 hestar kunne gått jamsides på dei, men vegane var blitt så forfallne at knapt ein hest kunne gå der. Spor etter desse vegane kan ein nok enno finne om ein leitar litt. Frå Austgulen over Takledalen går vegen enno. Den gamle vegen gjekk truleg meir beint opp dalen. Vegen frå Oppdalsøyra til Kjellby har også vore ombygd og flytta litt, men enno ser ein spor av den gamle vegen enkelte stader. Vegen vidare frå Kjellby over Myrdalen til Sleire er no berre ein tursti, men også der kan ein sjå restar etter gamal veg. Mellom anna ved Bondesteinen på Myrdalen, - der bøndene møttest blir det fortalt.

I eit lite særtrykk av Soga om Gloppen og Breim av Inger Kellmer finst endå eitt spor etter den gamle postvegen. Her blir det fortalt at i 1665 var postbønder utnemnt på heile ruta frå Bergen til Trondheim. Postbøndene fekk fritak for skyssferdsskatten. Dette blei ført i skattelister og rekneskap.

### **Trondheims postbønder, frå Bergen til Sunnfjord.**

Lista over Trondheimspostbønder i 1665 kan ein då fylgje frå Bergen og nordover i Nordhordland:

I Arna skipreide var det postbønder på Rødland(Rolland) og Breistein, i Mjelde skipreide på Røskeland, i Hosanger skibreide på Raknes, i Eikanger skipreide på Eide, Rødland og Elvik, i Gulen skipreide på Risnes og i Austgulen.

Frå Ausgulen gjekk så postvegen vidare over Takledalen til Midt-Takle der postbonden budde, så var det over Sognefjorden. Det var vidare postbønder på Indre Bø, Ytre Bø, Espeland og Nordstrand. Desse gardane høyrde til Ytre Sogn.

Dei eldste opplysningar om postbønder finn ein i Matskatten for 1659. Då er det postmann på Breistein, Øvre Raknes, Indre Eide, Rødland i Eikanger, Risnes og Øvre Austgulen. I åra 1677 - 1680 budde postbonden på Opdal ved Austgulfjorden.

Trondheims postbønder er også med i skattelister og rekneskap i åra 1666, 1677, 1678, 1679 og 1680. Ein finn også opplysning om postbønder i Sunnfjord i 1682/1683, og i Nordfjord i 1682/1683.

### **Trondheims postbønder frå Sunnfjord, Nordfjord, Sunnmøre og til Molde.**

"Nok føris till afkortning Skydsferdsskatt for de Postbønder udi Sundfiords Fogderie, som efter Hans Excel.H: General Claus von Alefelds ordre bærer Postseeken, I mellem Bergen och Trundhiem, nemlig": Det var postbonde på Heggem i Guddal, på Solås i Sande sokn, Myren i Bygstad sokn, på Mo i Førde sokn, på Myklebust og Klakegg i Helgheim sokn.

I Nordfjord var desse postbøndene forskåna for skyssferdsskatt for det besværet dei hadde med å føre postsekken mellom Bergen og Trondheim: i Breim var det postbonden på Egge og to postbønder på Moldestad. Postruta gjekk over Utvikfjellet. I Stryn skipreide var det 2 postbønder på Berge, 2 på Indre Bø, 2 på Nedre Flo og 2 på Vollset(Vollsetter). Postruta går så vidare til Ljøen og Nedre Ljøen, Røyr (Røer), Gjerde og Skarbø i Ørskog. Ruta gjekk vidare østover gjennom Skorgedalen til Tresfjord, og over Veøy til Molde. Strekninga Molde - Trondheim vil ein nok også finne opplysningar om i skattelistene i Digitalarkivet.

### **Stader på Postvegen, litt om fornminner, tingstover og lensmenn.**

I 1665 gjekk postvegen frå Bergen til Rødland i Arna Skibreide (Rolland i Åsane), der budde lensmannen i 1624. Postmann Halsteen Rødland gjekk eller reid så til Breistein. før postmannen kryssa fjorden med postsekken. På Breisten låg tingstova for Arna Skibreide i 1624. Ei røys låg tidlegare på Breistein, der blei det funne 2 økser frå yngre jernalder.

Postsekken blei så overlevert til postmann Johan Bredsteen som rodde over fjorden til Osterøy, han må så ha gått eller ridd til Røskeland. Der tok Lauritz Røscheland over, og neste stopp var Raknes. Lange stoppe var det nok ikkje for postsekken skulle no alltid vere i bevegelse. Johan Rachnes var så den neste som måtte ta årane fatt og ro over Osterfjorden, ja, kanskje segla han om det var god bør.

På Raknes er det mellom anna funne våpen, ei krossforma spenne og ein denar i sølv. Denaren blei slegen under keisar Antonius Pius, som regjerte i Rommarriket i åra 138 – 161 e.Kr. Dei gamle romerane og hellenarane hadde ein gamal skikk der dei la ein mynt i munnen på den døde så han kunne betale ferjemannen for overfarten. Ja, ein kan no lure på korleis mynten kom i jorda der.

Neste postbonde på turen til Trondheim var Olluf Eide, han ville ha reist forbi Tofto enten på sjøen eller på land. Hadde han lagt ei lite offer i gropasteinen der, eller lurt på kva den kvite steinen betydde? I 1624 låg tingstova på Indre Eide, og lensmannen budde i Askvik.

No var turen komen til Olluf Rødland som måtte det lange stykket over Austefjorden til Elvik, dette var nok eit hardt stykke om sørvesten stod inn fjorden.

Postbøndene har vi namna på ifrå Skyssferdskatten i 1665. Vi veit ikkje om det var postbonden sjølv som frakta postsekken eller han hadde ein dreng som gjorde det. Men over fjordane kan dei vel ha vore fleire til å ro.

Presten Frølich skriv om Elvik i Fjon eller Masfjorden: ”På Elvik, Elviksæter, forteller de gamle brandrester i jordbunden om, hva der kanskje har knyttet sig til stedet, - hva enten dette maate være henført til en krigsvarde eller til et eller andet, hørende ind under gammel gudsyndelse. En kongsgaard skal gaarden ha været. Unegtelig ogsaa et skikket sted for en sjøkonge med utsigt bent ut i Atlanterhavet og dertil med en beliggenhed, som gav anledning til at beherske hele Austfjorden indover til Osterfjorden.” På Elvik budde lensmannen i 1659.

Erich Eluig si ferd med postsekken gjekk nordover gjennom Herøyosen, forbi Baldersvågen, Krossneset og inn Frøysetvågen til Risnes. Her leverte han så posten vidare til Olluf Riissnes, som tok fatt på neste etappe. Den vil då ha gått forbi Frøyset og nordover forbi Sleire, over Myrdalen, forbi Kjellby, Krossvoll og ned til Opdal ved Austgulfjorden, vidare med båt på Austgulfjorden eller langs fjorden til Austgulen der neste postbonde budde. Lensmannen i Gulen Skibreide budde også i Austgulen i 1665. Ein av gardane i Austgulen blei skriven Gullenn i jordebøkene i åra 1590 – 1625. Austgulen er også med i registeret over inntekter til Bergen Kongsgård i 1522. I åra 1677 - 1680 budde lensmannen og postbonden på Opdal (Oppdalsøyra).

Risnes har også vore lensmannsgard, og i 1720 blei Sage- og Skattetinget halde der. Risnes skal også hatt fint besøk på garden blir det fortalt. Riksråd og lensherre Vincens Lunge (d. 1536) skal ha vitja garden.

Presten Frølich fortel om at det var sagn om at Frøyset hadde vore kongsgard, og at dette namnet og Torsvik, som er like ved, kanskje hadde med at desse gamle gudane hadde vore dyrka der. Sleire meiner han kan ha vore eit høvdingsete på grunn av dei betydelege gravfunna som var gjort der. Går ein nordover Myrdalen kjem ein til Våleitet der segna fortel at Uddalsmannen frå Oppdalsøra fall i kamp mot dei to naboane sine som då budde på Frøyset. No er ein kome så langt opp Myrdalen at ein ser Bondesteinen. Der bøndene møttest blir det fortalt. Her opnar dalen seg, og turen går så over Halsane og ein kjem til Kjellby. Også her er det fortalt om kjemper som slåst, ein kan enno sjå både fotefar og fingermerker etter den eine kjempa ved Geitenipa ovanfor Kjellby, og steinane som blei kasta på den andre sida av dalen ligg enno på Mørøftfjellet.

”Det var over Halsane ned mot fjorden Austgula ved Oppdalsøyra Gulatingferdi frå Eksingedalen hin ettermiddagen kom ruslande” skriv Olav H. Østgulen i Frå Fjon til Fusa i 1964, ferda vidare til Gulatinget gjekk så vidare med båt meinte han. Han skriv også: ”Om Gulatingferder frå andre bygder fortel ei gamal segn. Ved Dalsøyri i Eidsgula ligg Slettelandet, som er namnet på ei gamal grend, her finn ein gardane Myre, Kjellevold og Lihaug. Namnet Kjellevold skal kome av at der i gamal tid var ei rik og god kjelde, kring denne kjelda var det ein flat og heller romsleg voll. Og etter det namnet Kjellevold eller Kjeldevoll frå først av. På vollen ved den nemnde kjelda, fortel segni dei samla seg som kom landevegen frå sud og sudaust og skulde til Gulating. Men dei slo seg til ro her, og rodde

sidan til og frå Gulating kvar morgon og kveld.” Her kan ein legge til at frå Kjellby går ein veg/stig som endar i Hermandalen på Kjellevoll.

Frå Kjellby går ein nedover dalen forbi Krossvoll der det skal ha stått ein kross langt tilbake i tida, her går Alvedalen opp med sine stigar og stølsvegar. No er ferda kome så langt at ein ser Opdal og Oppdalsøyra, der skal det ein gang ha stått ein bautastein. Der er funne ei grav med m.a. øks, spydspiss, celt, bryner og del av eit bronsebeslag/spenne som ser ut til å ha hatt sølvinkrustering. På Opdal har det budd både postbonde og lensmann. Der er også stadnamnet Borrstova(Borgstova), som kanskje fortel at her har det vore samla folk.

I ein gamal avtale frå 1654 er også den gamle ferdavegen over Opdal sin bø nemnd:  
”Anlangende den vei, som løber gjennom Oppedals bø, da derom sammeledes forenede at alle, og ingen undtagen skal ride og kjøre paa den gamle vei, som av Arilds tid haver været og som løber gjennom bøen og ikke i nogen maade fornærme eller beskadige nogen ager eller eng.”

Gravfunn har ein også frå garden Hantveit på nordsida av Austgulfjorden og i Austgulen, det skal også ha vore ei kyrkje på Hauge fortel segna. Det er også funne ting frå steinalderen der den gamle postvegen gjekk.

Frå Austgulen la så Jens Øffstgullen ut på turen over Takledale. Her var vegen bratt, og vinterstid kunne nok mykje snø og vind gjere turen tung. På Midt-Takle tok så postbonden der over postsekken for å frakte den over Sognefjorden til Bø i Hyllestad. Resten av ruta til Trondheim kan ein fylgje i skattelistingene for Skyssferds-katten.

Traseen posten gjekk har truleg vore nesten heilt lik i desse åra. Postvegen gjekk forbi lensmannsgardar og tingstover, mange stader gjekk truleg postvegen etter eldgamle vegfar. Eit gamalt brev har her gitt oss eit lite glimt av posthistoria.

Kjelder:

Brev frå sokneprest S. Dresing i Eivindvik, Statsarkivet i Bergen.

Skyssferds-katten i 1665, div. skattelister og rekneskap, Digitalarkivat, RA.

Bygdebøker:

Torbjørn Frølich: Fjon eller Masfjorden: flere steder.

(Side 382 Står det om møtet som blei halde i Brekke om veg frå Sognefjorden til Masfjorden. Der var veg frå Brekke – Øst-Gulen - Frøiset eit av forslaga. Denne vegen ville då ha gått over Myrdalen om den hadde blitt bygd. Dette møtet vart halde 16/6 1885.)

Inger Kellmer: Samferdsletilhøva i eldre tid. Frå tjodveg til postruter. Gamle allfarvegar. Artiklar i ”Soga om Gloppen og Breim”, kapittel IV, mellomalder, 1000-1536. Særtrykk.

Ivar Kleiva: Gulen i gamal og ny tid, bd. 1.

Geir Kleivdal: Osterøy Bygdebok, allmensoge, bd. 1.

Per Fett: Førhistoriske minne i Nordhordland, div. hefter.

Per Fett: Førhistoriske minne i Sogn, div. hefter.

Kristian Fure: Vegane i Verda.

Olav H. Østgulen: Gulating på Floligard i Frå Fjon til Fusa, årbok 1964.

Postgangen Stavanger – Trondheim (Kystpostruten). Fra lokalhistoriewiki.no .